



Årdal kommune

Utval for Levekår

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 05.03.2026

Møtetid: Kl. 12:00 - 14:30

Møtestad: Ungdomsklubben
Kjedlaren

Saksnr.: 004/26 – 005/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Jan Inge Buene	AP
Jasmin Eminovic	AP
Kirsti Eklund	AP
Rune Blikken	AP
Siv Aspeseter	UA
Vidar Lerum	UA

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Bodil Helen Selland Nordnes	AP		

Møteleiar:	Utvalsleiar Kirsti Eklund
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Mette Hestetun Berg

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-004/26	Konstituering av møte	
PS-005/26	Orientering, spørsmål og oppfølging	

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/26	Utval for Levekår	05.03.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/318 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal underskrive møteprotokollen digitalt i lag med møteleiar.

05.03.2026 Utval for Levekår

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Jasmin Eminovic, AP og Siv Aspeseter, Uavh. til å godkjenne og signere møteprotokoll i lag med utvalsleiar.
Samrøystes.

LEVEKÅR - 004/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

Jasmin Eminovic, AP og Siv Aspeseter, Uavh. skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med utvalsleiar.

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Utval for Levekår	05.03.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/318 -
Ugyldig flettefelt

Orientering, spørsmål og oppfølging

Kommunalsjefane orienterer om aktuelle saker og tema innanfor utvalet sitt ansvarsområde. Det kan også vere andre som kjem og orienterer på vegne av kommunalsjefane.

Det er også høve for medlemmane i utvalet til å stille spørsmål til møteleiaren eller kommunalsjef. Spørsmålet bør bli varsla til møteleiaren eller kommunalsjefen i forkant, slik at det kan bli svart ut i det same møtet.

Om eit spørsmål krev utgreiing eller orientering frå andre, kan utvalet bestille dette til neste møte. Utvalet kan også kome med andre bestillingar. Det blir laga til oppfølgingsliste. Oppfølgingslista er ei oversikt over bestillingar frå utvalet om synfaring, utgreiing, orientering eller anna, og korleis det blir følgt opp.

Oppdatert oppfølgingsliste, og ev. spørsmål, presentasjonar eller annan dokumentasjon, blir lagt til som vedlegg i saka.

Orienteringar i møte 5. mars:

1. Ungdomsklubb og aktivitetar for born og unge
2. Prosjektrapport og evualering av TØRN - vegen vidare
3. Oppfølging budsjett, nedtak
4. Løypemelding av tiltak, budsjett 2026
5. Løypemelding NAV - ombygging av kontor og vertskommunesamarbeid
6. Løypemelding Haugane barnehage

Tilråding:

Orienteringane vert tekne til vitande:

05.03.2026 Utval for Levekår

I møte 5. mars fekk utvalet orientering om:

1. Aktivitetar for born og unge i kommunal regi
 - ungdomsklubbane
 - dans utan grenser
 - ferieaktivitetar
2. Kinodrift
Kino har ulike tilbod om aktivitetar. Godt besøkstal.
3. Budsjett og status i tenestene:
 - helse, omsorg og barnevern
 - oppvekst
4. Løypemelding NAV - ombygging av kontor og vertskommunesamarbeid
Arbeidet med vertskommune fortsetter i den form som no er vedteke.
NAV-kontoret vert ombygd i tråd med nasjonal sikkerheitsstandard.
5. Løypemelding Haugane barnehage
Det er laga prosessplan for korleis barna skal flyttast inn i andre barnehagar m.m.
6. Stilling som kommunalsjef oppvekst og kultur vert lyst.
7. Rekneskap 2025
8. Eldrerådet ønsker at det kjem opp infoskjermar på sjukeheimane og ÅBO
 - bruke til å informere pårørande
9. Barnehagedagen 10. mars
Oppmoding om delta på markering på torget i Øvre Årdal og Årdalstangen jf. program.

Orienteringar til neste i møte i utvalet:

- Prosjektrapport og evaluering av TØRN - vegen vidare

LEVEKÅR - 005/26 Vedtak

Orienteringane vert tekne til vitande.